

27 AUG 2010



Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Deres ref: :

Vår ref: 10/2332-4/ILRE

24.08.2010

HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I REGLENE I FORVALTNINGSLOVFORSKRIFTEN OM BEHANDLING AV SØKNADER OM INNSYN I OPPLYSNINGER SOM ER OMFATTET AV TAUSHETSPLIKT

Vi viser til brev frå Justis- og politidepartementet frå 21. juni 2010. Utlendingsdirektoratet (UDI) tek i dette svaret berre stilling til dei to første forslaga.

Dei endringane som er foreslått i forvaltningslovforskrifta § 8 om å gje departementet større rett enn i dag til å delegere mynde til å gje innsyn i opplysningar til bruk for forskning utan hinder av teieplikt, jf. forvaltningslova § 13 d, verkar formålstenleg.

UDI har eit sentralt ansvar for oppgåver innanfor Justisdepartementets ansvarsområde – utlendingsforvaltninga. Direktoratet ynskjer å leggje til rette for forskinga ved å være tilgjengeleg, gje bistand og tilgang til kjelder. Samstundes er det viktig å ta vare på søkjarens og eventuelle referansars interesser. UDI forvaltar store mengder sensitive opplysningar og må hegne om personvern og informasjonssikkerheit. Forvaltningslova og personopplysningslova stiller strengje krav til bruk, sikring og utlevering av personopplysningar.

UDI opplever i dag at det tar tid å handsama ein søknad om innsyn i utlendingsdatabasen og at direktoratet brukar betydelige ressursar til dette føremålet. Direktoratet har dei seinare årene hatt sterkare fokus på problemstillingar knytt til innsyn og personvern, og har i 2010 utarbeida eigne retningslinjer for innsyn i Utlendingsdatabasen for forskarar. Som ein viktig del av dette arbeidet går vi gjennom våre rutinar regelmessig for å vareta personvernet på best mogeleg vis. UDI kjenner databasens mogelegheiter, og vi rettleiar forskarar i dag. Vi meiner vidare at den kompetansen som vi har utvikla i UDI har gjort oss betre i stand til å vurdere om ein søknad fell inn under § 9 bokstav h i personopplysningslova. På bakgrunn av dette meiner direktoratet at vi kan behandle disse søknadane på en like einhetelig og riktig måte som departementet.

Dersom Justisdepartement gjer mynde til UDI, kan vi uansett halde dei løypande oppdatert om våre vurderingar. Dette kan varetakast ved at vi sender ein kopi av vår godkjenning til departementet. Samstundes er det viktig å peike på at ved å delegere mynde til UDI, vil ein kunne spare nokre ressursar knytt til administrativt arbeid, då ein vil unngå eit ledd i korrespondanserekka som ein har i dag, når departementet sender svar til søkjaren etter at vi har vurdert saka.

Den endringa som dreier seg om klargjøring av klagereglane er særst velkommen.

Med hilsen



Ida Børresen
direktør



Gry Aalde
avdelingsdirektør